



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 31. mars 2015

Surnadal kommune

OPPHOGGINGSPLASS PÅ GNR 68 BNR 54 – KVA ER DETTE?

Naturvernforbundet har den 23.3.2015 oppsøkt eit område nær kommunen sitt avlaupsanlegg, der det er verksemd vi ikkje kan forstå kan ha løyve.

På staden såg vi delar av lastebilvrak, smådelar, oljedam, bål plass m.v. Plassen har ikkje tett dekke og heller ikkje oljeavskiljar. Området ligg også i fuglefredingsområdet ved Surna.



Til venstre mellom anna hydraulikkslangar, til høgre ein bål plass i tillegg til mykje anna.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Øvst til venstre olje i vassdam. Øvst til høgre ymse avfall, truleg også noko av eldre årgang, i evja. Nedst til venstre stokkar som kan vere impregnerte, truleg også frå tidlegare verksemd.

Vi ber om ei forklaring på korleis slik verksemd kan gå føre seg i dette området. Vidare ber vi om at kommunen straks får gjort ei ende på dette. Vidare at det straks blir rydda opp. Det gjeld også olje m.v. som har rent ned i grunnen, og ureining som kan vere fylt ned i området.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr